



HØGSKULEN i
SOGN OG FJORDANE

**Høringsfråsegn til NOU 2008:3 "Sett under ett"
Styresak 2008/17 – 8. mai 2008**

Innholdsliste:

Samandrag	s. 2
1: Innleiing	s. 5
2:Utviklingstrekk og utfordringar i norsk høgare utdanning – jfr. kap. 5	s. 5
2.1: Store og små miljø	s. 6
2.2: Kunnskaps- og læringssynet	s. 7
2.3: UH-sektoren – samfunnsmessige verknader og regionalpolitiske perspektiv	s. 8
2.4: Sterkare vekt på nasjonal styring	s. 10
3: Institusjonsstruktur – jfr. kap. 6	s. 11
4: Styring og leiing i universitets- og høgskulesektoren - jfr. kap. 7	s. 15
5: Kriterium for akkreditering til universitet – jfr. kap. 8	s. 16
6: Forskarutdanninga – jfr. kap. 9	s. 16
7: Finansieringssystemet – jfr. kap. 10	s. 17
8: Små studiestader – jfr. kap 11	s. 18
9: Dimensjonering, arbeidsdeling og ansvar for små og utsette fag – jfr. kap.12	s. 20
10: Universitet på internasjonalt nivå – jfr. kap 13	s. 20
11: Styrking av profesjonsutdanningane i høgskulane – jfr. kap 14	s. 21
12: Senter for framifrå undervisning – jfr. kap. 15	s. 22
13: Universiteta og høgskulane si regionale rolle – jfr. kap. 16	s. 22
14: Kapitla 17 – 22	s. 22

Samandrag

Høyringsfråsegna frå HSF-styret til Stjernøutvalet si innstilling – NOU 2008:3 ”Sett under ett” er disponert i tråd med kapittelinndelinga i NOU-en. Ut frå høyringsbrevet er det lagt vekt på å kommentera kapittel 5 om stoda og utfordringar for sektoren. I den samanhengen viser vi og til fleire punkt i kap. 16 om universiteta og høgskulane si regionale og samfunnsmessige rolle. Vi har elles lagt hovudvekta på å kommentera kap. 10 om finansieringssystemet, og styrking av profesjonsutdanningane – jfr. innstillinga kap. 14. I kapittel 11 – små studiestader – har utvalet nemnt studiestaden Førde som døme på ein studiestad som bør vurderast nedlagt. Dette har vi kommentert særskilt. Uttalen frå HSF er elles disponert slik at kapitla f.o.m kap. 5 er kommentert fortløpande. I stikkords form er synspunkta frå HSF slik det går fram av ramma nedanfor:

- Vi er samde i hovedanalysen i innstillinga. Endringar på sektoren er naudsynt.
- Vi meiner at dei samfunnsmessige konsekvensane av utvalet sine forslag er for lite analysert og tekne omsyn til
- Vi er samde i at universitetskriteria har ført til ei ikkje naudsynt fagleg fragmentering og at denne særnorske definisjonen av et universitet bør fjernast
- Vi meiner at skillet mellom universiteter og høgskular bør forsvinna
- Vi ser fleire ulemper enn fordelar med fusjonar mellom institusjonar og etablering 8-10 stor-universitet
- Vi tilrår nettverksmodellen
- Vi ønskjer endring av finansieringssystemet der den resultatbaserte finansieringskomponenten får relativt mindre vekt og at det vert etablert ein tredje komponent som opnar for sterkere samfunnsmessig styring
- Vi er for etablering av forskarskular
- Vi er samde i at det må satsast på vidare utvikling av profesjonsutdanningane
- Vi er samde i innføring av einskapleg leiing og ekstern styreleiar, og meiner prinsipielt at rektor ikkje bør vera medlem av styret

I tråd med dette, er argumentasjonen og synspunkta frå HSF utdjupa slik:

Utviklingstrekk og utfordringar i norsk høgare utdanning – jfr. kap. 5

HSF er samd med utvalet i at det er trong for fleire typar endringar på UH-sektoren, men utgangspunktet for endringane må vera at kjerneverdien ”lik rett til utdanning” vert teke omsyn til og gjerne forsterka innafor ein eventuell ny høgskule- og universitetsstruktur i landet vårt. Vi meiner at utvalet i mindre grad enn ønskjeleg har hatt merksemd på denne kjerneverdien i det norske samfunnet og på andre samfunnsmessige konsekvensar av fleire av endringsforslaga.

Vi grunngjev vår påstand om manglar og unyanserte framstillingar særleg ut frå desse momenta:

- Utvalet har ei unyansert og lite dokumentert tru på at store institusjonar og fagmiljø jamt over fungerer betre enn mindre miljø.
- Utvalet sitt arbeid og framlegg byggjar i for sterk grad på eit snevert og lite dynamisk kunnskaps- og læringssyn

- Utvalet har i for liten grad teke omsyn til og sett samanhengane mellom eigne analyser og framlegg og dei samfunnsmessige konsekvensane knytt til dette

Institusjonsstruktur

HSF peikar her på at dei to mest aktuelle modellane å diskutera er nettverksmodellen og fleircampusmodellen. Både i tråd med vurderingskriteria og vårt synspunkt om at det er behov for styrking av den nasjonale eller samfunnsmessige styringa av sektoren, legg vi som utvalet vekt på at det er viktig å utvikla m.a eit system som kan sikra ei betre arbeidsdeling mellom institusjonane. I valet mellom fleircampusmodellen eller nettverksmodellen, er det mange forhold det må takast omsyn til. Vi meiner at det i tillegg til prinsipielle moment, også må takast omsyn til realpolitiske forhold ved val av modell. Her bør det leggjast ei viss vekt på intern og ekstern motivasjon for dei ulike modellane.

Hovudkonklusjonen for HSF er tilslutning til nettverksmodellen. Gjennom praksis som vert utvikla, vil vi sjå korleis nettverksmodellen fungerer i forhold til arbeidsdeling, og ein finansieringsmodell med høve til felles avtalt strategi på konkrete punkt kan påverka resultatet.

Styring og leiing i universitets- og høgskulesektoren

Vi er og samde med utvalet når det går inn for å lovfesta at styret skal leiast av eit av dei eksterne medlemmene. Når det gjeld styresamansettinga, har HSF valt "normalmodellen" der ingen grupper har fleirtal i styret. Oppnemninga av dei eksterne styremedlemmene bør skje som no.

Kriterium for akkreditering til universitet

Kriteria for akkreditering til universitet må formast slik at dei ikkje byggjer opp under ein urett førestilling om universiteta som eit A-lag og dei mindre høgskulane som eit B-lag. På bakgrunn av den tilnærminga som har skjedd, meiner vi at skiljet mellom universitetet og høgskular bør opphevast.

Forskarutdanninga

Vi stør framlegget om etableringa av forskarskular, og vil peika på at nettverksorganisering av forskarutdanninga er positivt.

Finansieringssystemet

Vi har peikt på at finansieringssystemet er svært avgjerande for utviklinga til institusjonane. I særleg grad gjeld dette dei konkurranseutsette institusjonane i distrikts-Noreg.

Vi er samde i at det må innførast endringar i dagens finansieringsmodell. HSF vil leggja vekt på omsynet til langsiktig styring og strategisk tenking når det gjeld endringar i systemet.

Små studiestader

HSF viser til dei store samfunnsmessige konsekvensane av ei nedlegging av studiestaden Førde. Den gode kvaliteten på sjukepleieutdanninga blir påpeikt, og sjukepleieutdanninga si sentrale rolle i helsestellet i Sogn og Fjordane vert dokumentert. Samfunnsmessige, regionalpolitiske og sentrale politiske føringar viser det heilt urimelege i å trekka fram nedlegging av sjukepleieutdanninga m.v i Førde som døme på kva som bør vurderast nedlagt på UH-sektoren. Ingeniørutdanninga sitt samarbeid med det regionale næringslivet er viktig og omdømet mellom studentane er svært godt.

Dimensjonering, arbeidsdeling og ansvar for små og utsette fag

Moment som gjeld desse spørsmåla, er i seg sjølv er understreking av kor viktig det vert å halda oppe profesjonsutdanningane inn mot velferdssektorane i samfunnet. For regionane er det og viktig å kunna halda oppe fag som profilerer regionane spesielt.

Universitet på internasjonalt nivå

Vi kan ikkje sjå at slik konsentrasjon a m.a forskingsressursar i ein institusjon er tenleg for vårt land. HSF sluttar seg såleis til utvalet sine vurderingar på dette punktet.

Styrking av profesjonsutdanningane i høgskulane

HSF ser det som svært positivt at utvalet har arbeidd med å får fram ei styrking av profesjonsutdanningane, og peikar på fleire tiltak som bør setjast i verk.

Rammeplanar på overordna nivå kan bidra til å sikra kvaliteten og samstundes opna for ønskelege ulikskapar og profilering av profesjonsutdanningar.

Sentra for framifrå undervisning

Som ein lekk i å styrka og yrkesretta undervisinga i profesjonsutdanningane gir vi også vår støtte til utvalet sitt forslag om oppretting av sentra for framifrå undervisning.

Universiteta og høgskulane si regionale rolle

Problemstillingar og kommentarar som gjeld dette kapitlet er innarbeidde i i fleire av våre kommentarpunkt.

Kapitla 17 - 22

HSF sluttar seg i store trekk til utvalet sine vurderingar og forslag i desse kapitla. I forhold til likestillingsarbeidet – jfr. kap. 20 – peikar HSF også på tiltak for å sikra ei betre kjønnsfordeling m.o.t rekrutteringa av studentar til ulike studium.

1: Innleiing

Denne høyringsuttalen til Stjernøutvalet si innstilling – NOU 2008:3 ”Sett under ett” er disponert i tråd med kapittelinndelinga i NOU-en.

Innstillinga er omfattande og grundig, og gir i innleiingskapitla ein god gjennomgang av det nasjonale og internasjonale bakteppet for utviklinga på UH-sektoren.

HSF har lagt varierende vekt på å kommentera og drøfta dei einskilde kapitla og framlegga. Her har vi og teke omsyn til departementet sitt høyringsbrev som særleg ber om kommentarar til kap. 5. Dette kjem vi nærare inn på under hovudpunkt 2 nedanfor. I samanheng med kommentarane omkring stoda og utfordringane for sektoren viser vi og til fleire punkt i kap. 16 om universiteta og høgskulane si regionale og samfunnsmessige rolle.

Vi er samde med utvalet i at dagens skille mellom universitet og høgskular er uheldig. HSF har òg lagt særleg stor vekt på å kommentera framlegga til strukturendringar og ny finansieringsmodell for sektoren – jfr. kap. 10 i innstillinga, og punktet om styrking av profesjonsutdanningane – jfr. innstillinga kap. 14..

I kapittel 11 – små studiestader – har utvalet nemnt studiestaden Førde som døme på ein studiestad som bør vurderast nedlagt. Dette har vi kommentert særskilt.

Uttalen frå HSF er elles disponert slik at kapitla f.o.m kap. 5 vert kommentert fortløpande.

2: Utviklingstrekk og utfordringar i norsk høgare utdanning – jfr. kap. 5

Departementet har i sitt høyringsbrev bede særskilt om kommentarar til kapittel 5. Våre kommentarar til dette kapitlet og dei problemstillingar det reiser, er dels samla i første del av høyringsuttalen, men spesifikke utviklingstrekk og utfordringar vert og kommenterte på andre punkt i uttalen.

Utvalet si forståing av stoda og utfordringane for UH-sektoren er på fleire område samanfallande med vurderingane på eigen høgskule. HSF er såleis samde med utvalet i at det er trong for fleire typar endringar på UH-sektoren. I vår høyringsuttale vil vi likevel visa til at utvalet si situasjonsforståing på fleire område er mangelfull og misvisande, og at dette i sin tur fører til delkonklusjonar og framlegg som vi på fleire punkt er usamde i.

Vi meiner at utvalet i mindre grad enn ønskjeleg har hatt merksemd på dei samfunnsmessige konsekvensane av fleire av endringsforslaga. Utvalet har særleg i kapittel 16 interessante drøftingar omkring den regionale rolla til universitet og høgskular, men denne rolla er for lite vektlagt i framlegga til endringar og tiltak. Gjennomgangen av dei regionale verknadene av UH-institusjonane viser såleis til ulike typar samfunnsmessige konsekvensar som det i for liten grad er teke omsyn til i utvalet sitt vidare arbeid. Vi meiner at utvalet difor i for liten grad har følgd opp fleire punkt i mandatet som gjekk ut på å sikra ein god regional balanse i studietilbod og kompetanse.

Rammevilkåra som legg til rette for ”fri” konkurranse om studentar mellom utdanningsinstitusjonar, svekkar ikkje berre utdanningstilboda i Sogn og Fjordane og andre regionar, men medfører at ”upopulære” fag og forskingsfelt også ved universiteta blir nedleggingsstruga. Å forma norsk høgare utdanning og forskning etter skiftande preferansar i studentpopulasjonen på denne måten, er lite tenleg. Moteprega endringar med manglande omsyn til langsiktige samfunnsmessige behov er ein praksis som samfunnsøkonomisk er

dårleg. Ikkje minst ute i regionane tek det lang tid å byggja opp gode fagmiljø og omdøme for komande studentar, og mangel på langsiktig planlegging der samfunnsmessige og regionale behov vert tekne omsyn til kan såleis gjera små høgskular mindre attraktive. Vi stør difor utvalet sitt framlegg om sterkare politisk styret av norsk høgare utdanning.

Ei første oppsummering frå vår side når det gjeld utvalet si forståing av situasjonen og utfordringane på UH-sektoren, er at dei peikar på rette utviklingstrekk og relevante utfordringar, men at fleire sider av utviklinga og utfordringane er mangelfullt og unyansert handsama både når det gjeld analyse og framlegg til tiltak.

Vi meiner at utvalet si innstilling inneheld manglar og unyanserte framstillingar særleg ut frå desse momenta:

- Utvalet har ei unyansert og lite dokumentert tru på at store institusjonar og fagmiljø jamt over fungerer betre enn mindre miljø
- Utvalet sitt arbeid og framlegg byggjer i for sterk grad på eit snevert og lite dynamisk kunnskaps- og læringssyn
- Utvalet har i for liten grad teke omsyn til og sett samanhengane mellom eigne analyser og framlegg og dei samfunnsmessige konsekvensane knytt til dette

2.1: Store og små miljø

Utvalet si situasjonsforståing er grunnlaget for analysen av utfordringane og framlegga til tiltak. I pkt. 5.4.1 blir det m.a vist til at mange små fagmiljø har lågare produktivitet enn større miljø, og dette vert utdjupa i pkt. 5.4.5 der det på s. 56 heiter *"flere evalueringer de senere årene gir grunn til bekymring for kvaliteten i utdanningene. En tilbakevendende påpeking er svak kontakt med praksisfeltet, spesielt for lærerutdanningenes vedkommende, og samtidig svak forskningstilknytning. Det påpekes også at mange av fagmiljøene er små."* Dette er etter vår meining eit døme på ein alt for lite nyansert påstand som difor på sviktande grunnlag blir eit premiss for utvalet si lite dokumenterte tru på store einingar.

Vi viser her m.a til at i NOKUT si evaluering av lærarutdanninga, kom lærarutdanninga ved HSF godt ut samanlikna med dei store institusjonane. I evalueringa vart og ikkje minst den gode kontakten mellom vår lærarutdanning og praksisfeltet framheva.

Når det gjeld sjukepleieutdanninga til HSF i Førde, har den i fleire evalueringar kome svært godt ut m.o.t studiekvalitet, praksisorganisering m.v. Dette vert utdjupa vidare seinare i høyringsuttalen.

I forhold til forskning og forskingsformidling vil vi og minna om at HSF dei siste åra har oppnådd om lag dobbelt så mange publikasjonspoeng som t.d. den over dobbelt så store Høgskulen i Bergen. Vi kan altså ikkje sjå at det er noko klart forhold mellom institusjons- eller fagmiljøstorleik og utdannings- og forskingskvalitet. Det er mogleg å peika på små miljø i landet med mindre fagleg aktivitet enn ønskjeleg, men når det t.d gjeld fagmiljøet på sjukepleieutdanninga i Førde som er trekt fram som døme på eit for lite miljø, ligg talet på fagtilsette langt over gjennomsnittet på landsbasis. Pr. dato har sjukepleieutdanninga i Førde vel 50 tilsette, men gjennomsnittstorleiken i landet er vel 30 tilsette.

Målt i både FOU-produksjon og i studiepoengsproduksjon er det ingen klar samanheng mellom resultata og storleiken på fagmiljøet. Innafor høgare utdannings- og FOU-institusjonar finn ein store variasjonar mellom arbeidsresultata målt i FOU-poeng og i studiepoengsproduksjon, og ein ser at dette ofte er uavhengig av fagmiljøstorleiken. Dette er dokumentert i fleire samanhengar.

Trua på store institusjonar er dominerande i utvalet sin rapport. Det gjeld og når utvalet i kapittel 11 omtalar bibliotektenestene. Også på dette området er biletet meir nyansert enn det uvalet gir uttrykk for. Små fagbibliotek har sin styrke i nærleiken til brukarane og kunnskap om deira kunnskapsbehov. Terskelen for å be om informasjonsstøtte både frå interne og eksterne brukarar er låg, og det er lett å få til godt samarbeid med fagtilsette og oppnå felles fokus på utvikling av informasjonskompetanse som viktig læringsmål i studia.

Ein gjennomgang av effektivitet og kostnader viser at HSF relativt sett har høg studiepoeng- og kandidatproduksjon kombinert med relativt låge kostnader. Det siste talet frå DBH som viser kostnader pr. produsert 60 studiepoengseining illustrerer dette. I flg. DBH er snittet for statlege høgskular i 2006 kr. 126.900 pr. 60.studiepoengseining, medan tilsvarende tal for HSF er kr. 119.000.

Vi utdjuvar våre synspunkt på dette punktet, når vi kommenterer kap. 11 nedanfor. Der vert studiestaden Førde handsama spesielt.

2.2: Kunnskaps- og læringsynet – eit viktig grunnlag for utviklinga i UH-sektoren

Spørsmålet om korleis kunnskap vert formidla frå UH-institusjonane og omsett til læringsutbyte og forskingsbasert praksis i yrkesfeltet, er i svært liten grad drøfta i utvalet sitt arbeid. Vi forstår utvalet sitt kunnskaps- og læringsyn i retning av at formidling av kunnskap vert sett på som formidling av ei vare som langt på veg er lausreve frå den konteksten der læringsresultat og ny praksis skal utviklast.

Vi ser det også slik at utvalet i for stor grad har lagt til grunn at dei kunnskapssøkjande studentane i vårt land stort sett er grunnutdanningsstudentar tidleg i tjueåra. Dette er i tilfelle ei snever og unyansert forståing av studentpopulasjonen og deira ulike behov i studiesituasjonen. Utvalet har i for liten grad teke inn over seg perspektiva og utfordringane knytt til livslang læring. Rett nok peikar utvalet på fleksible læringsformer og tilrettelegging av undervisning via ikt m.v, men i diskusjonar om både rekruttering og studieorganisering synes resonnementa å byggja på at det er den unge heiltidsstudenten som åleine er i fokus. I det livslange læringsperspektivet ligg det både eit aukande krav til kontinuerleg fagleg oppdatering og ei tilrettelegging for utdanning for grupper av godt vaksne som tidlegare av ulike grunnar ikkje har teke høgare utdanning. For å kunna realisera måla som ligg i desse perspektiva, er nærleiken mellom utdanningsinstitusjonen og dei som søker utdanning svært viktig.

Det er positivt at utvalet tilrår ei sterkare satsing på å prøva ut nye studiemodellar og læringsformer som i større grad integrerer teori og praksis. Dette er eit syn vi deler, men diverre er utvalet si innstilling prega av at det i for liten grad har teke omsyn til kunnskaps- og læringsynet som ligg i eit slikt ønskje.

Tradisjonelt har særleg dei store institusjonane arbeidd med kunnskapsutvikling som gjerne har gått frå grunnforskning via anvendt forskning og deretter formidla til praksisfeltet. Men alternativt veit vi at kunnskap og er noko som vert utvikla i nært samspel med praksisfeltet

der praktiskarar deltek i utvikling av problemstillingar og tilnærming. På dette punktet meiner vi at den desentraliserte strukturen i norsk høgare utdanning er ein svært viktig føresetnad for nettopp å kunna sikra integrering av teori og praksis gjennom at utdanningsinstitusjonane har nærleik og godt samarbeid med yrkesfelte.

Kunnskap og utvikling av god praksis i yrkeslivet, er noko som i stor grad veks fram i aktiv og nær samhandling mellom praksisfelte og den meir teoretiske utdanninga på utdanningsinstitusjonane. Når bygging av ny kunnskap og betra praksis skal utviklast, er difor også den geografiske nærleiken og gode samhandlingsordningar viktig. Dette er ein styrke ved den desentraliserte strukturen i norsk høgare utdanning og ein viktig føresetnad for vidare utvikling av velferdsstaten der lik rett til velferdstenester uavhengig av geografi er ein berebjelke

2.3: UH-sektoren – samfunnsmessige verknader og regionalpolitiske perspektiv

Det regionalpolitiske perspektivet, sentralisering og desentralisering og dei samfunnsmessige verknadene av UH-sektoren er for lite framme i kap. 5.

Utvalet kjem på generelt grunnlag tilbake til den regionale dimensjonen i kapittel 16, og vi etterlyser ei meir utfyllande drøfting av samanhengen mellom situasjonsforståinga i kap. 5 og dei moment utvalet sjølv peikar på i kap. 16. Utvalet hadde eit klårt mandat om å koma med framlegg som m.a: ”sikrer samspill med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv, slik at institusjonene bidrar til bærekraftig økonomisk, sosial og kulturelle utvikling” og ”sikrer en god regionale balanse i studietilbud og kompetanse”. Vi meiner at dette punktet i mandatet heilt klart er følgt for svakt opp i utvalt sitt arbeid og i framlegga som no ligg på bordet.

I kap. 16 viser utvalet til ei rad effektar av høgare utdanningsinstitusjonar ute i distrikta, men effektane er altså stort sett omtalte generelt og teke lite omsyn til i utvalet sine framlegg. For ein høgskule som HSF er det sjølvsagt viktig at ei nærare konkretisering av kva dei ulike effektane inneber må nyttast som eit viktig premiss for tiltak som skal setjast i verk for å utvikla UH-sektoren og regionane vidare. Utvalet viser sjølv til ei rad undersøkingar som viser at dei høgare utdanningsinstitusjonane er verdfulle aktiva i sine regionar.

Sett i lys av målet om å ta heile landet i bruk, er tilgang til høgare utdanning utover landet eit avgjerande viktig verkemiddel. I dette perspektivet er HSF tvillaust ein av dei aller viktigaste verksemdene i Sogn og Fjordane. Mange vil også få støtte for å hevda at HSF er den viktigaste institusjonen i forhold til bygginga av framtida i fylket.

I Sogn og Fjordane fylke har HSF lange tradisjonar som den viktigaste leverandøren av høgare utdanna kandidatar til fleire sektorar i samfunnet. I særleg høg grad gjeld dette førskulelærarar og lærarar på alle nivå, sjukepleiarar og sosialarbeidarar. Framtida til velferdstenestene i Sogn og Fjordane er difor nært knytt opp til at fylket har god tilgang på høgskulen sine utdanningstilbod.

Eit sitat frå utvalsinnstillinga (s. 156) oppsummerer dette slik: ”Universitetene og høyskolene er gjennom sin kandidatproduksjon med på å styrke regionens kompetansegrunnlag, problemløsningsevne og læringskapasitet.” Dette er ei riktig og positiv understreking, men for framtida i distrikts-Noreg vert det avgjerande korleis denne verknaden av dei regionale UH-institusjonane kan utviklast vidare.

Utdanningsnivået i Sogn og Fjordane er høgt og svært mykje av grunnlaget for det høge nivået har bakgrunn i verksemda til HSF. Dette forholdet er i seg sjølv ein dokumentasjon på at utvalet har rett når dei på s. (156) m.a skriv ” *Et desentralisert system med god tilgang til studietilbud synes å øke etterspørselen etter høyere utdanning.*”

I den generelle gjennomgangen som utvalet har av dei regionale verknadene til UH-institusjonane skriv utvalet på s.(156) også: ” *En rekke undersøkelser har vist at det er en nær sammenheng mellom befolkningens utdanningsnivå og økonomisk produktivitet og innovasjonsevne. Universitetene og høyskolene er gjennom sin kandidatproduksjon med på å styrke regionens kompetansegrunnlag, problemløsningssevne og læringskapasitet. Studenter som jobber deltid ved siden av studiene, bidrar også til å gjøre de lokale arbeidsmarkedene mer fleksible. I tillegg utgjør institusjonene selv en kompetansebase for bedrifter, offentlige virksomheter og frivillige organisasjoner. De formidler kompetanse via publisering, foredrag, prosjektoppgaver, konsulentoppdrag og andre former for samarbeid.*”

Den økonomiske verknaden av dei regionale høgare utdanningsinstitusjonane som både er direkte og indirekte (jfr. avsnittet ovanfor) må ikkje undervurderast, og ny struktur m.v på sektoren må søkja å byggja opp under dei samfunnsutviklande sidene av dei regionale institusjonane..

I pkt. 5.4.6 (s.57) peikar utvalet på at UH-institusjonane i for liten grad er retta utover i forhold til samarbeid med samfunns- og næringslivet. Vi er samde i at dette er ei utfordring, men vi vil samstundes peika på at HSF som ein mindre høgskule ligg langt framme når det gjeld aktivt samarbeid med omgjevnadene.

Vi deler altså utvalet si vurdering av at samarbeid mellom UH-institusjonane og den regionale omverda også byr på store utfordringar (jfr. s. 161) Vi siterer også frå utvalet (s. 158) der det m.a heiter:” *Det OECD særlig trekker fram som barrierer for utviklingen av et tettere regionalt samarbeid, er manglende støtte i nasjonal politikk, utilstrekkelig finansiering og insentiver, liten kapasitet hos lokale og regionale myndigheter til å involvere seg i forhold til høyere utdanning samt svakt institusjonelt lederskap.*

De nasjonale høyere utdanningssystemene virker ifølge OECD ofte i en retning som reduserer institusjonenes evne til å engasjere seg lokalt. Administrative systemer gir lite rom for institusjonell autonomi og fleksibilitet, og politikken på feltet inkluderer sjelden en gjennomtenkt regional dimensjon. OECD konstaterer at selv om sentrale myndigheter legger vekt på det såkalte samfunnsoppdraget («third task»), har dette forblitt en sekundær aktivitet som ikke er integrert i forhold til primæroppgavene utdanning og forskning på en god måte. OECD er opptatt av at disse aktivitetene må kobles bedre sammen og at det må bygges opp en regional samhandlingskapasitet.”

Dette er eit svært viktig poeng, og vi etterlyser difor organisatoriske og finansielle tiltak som kan byggja opp om UH-sektoren sin regionale samhandlingskapasitet. Vi er samde med utvalet som hevdar (s.159) at : ”*Typisk for mye av det regionale mobiliseringsarbeidet er at eierdepartementet til universitetene og høyskolene, det nåværende Kunnskapsdepartementet, har vært relativt lite engasjert. Det er andre departementer som har vært pådriverne. Samtidig har satsingene ofte vært fragmenterte og hatt karakter av tidsbegrensede punktinnsetser. Den randsoneraktiviteten som har vært bygd opp, har til en viss grad fremmet tettere kontakt og samarbeid mellom de høyere utdanningsinstitusjonene og regionalt arbeids- og samfunnsliv, men det kan stilles spørsmålsteget ved om den ikke enkelte ganger*

også har fungert som en buffer som har «beskyttet» primær oppgavene utdanning og forskning og fritatt institusjonene fra å utvikle egne offensive strategier.

Insentiv- og belønningssystemene i Norge oppmuntrer ikke spesielt til regionalt samarbeid, og den institusjonelle forankringen av regionalt orientert arbeid ved lærestedene er gjennomgående svak.”

Vi vil i vår omtale av m.a utvalet sine strukturforslag koma nærare inn på moment og tiltak som vi meiner er viktige å ha med i den vidare utviklinga av relasjonane mellom UH-sektoren og omverda. Vi viser også her til at utvalet (s. 158) uttalar at ”*OECD tok i sin gjennomgang av norsk høgere utdanning i 2006 til orde for en mye tettere og mer formalisert kobling mellom høgere utdanning og arbeids- og næringslivet. I en studie fra 2007 for Kunnskapsdepartementet konkluderes det også med at institusjonene må utvikle mer målbare og operasjonelle målsettinger for eksternt samarbeid, og at insentiv- og meritteringssystemet må innrettes slik at det gir uttelling for institusjonene og deres personale.*” Vi kan ikkje sjå at utvalet i sine konklusjonar i nokon særleg grad tek omsyn til denne typen dokumentasjon og argumentasjon.

HSF støttar utvalet si positive haldning til at ordninga med doktorgradsprogram retta inn mot og i samarbeid med næringslivet vert vidareutvikla, og at ei liknande ordning for mastergradsstudentar vert vurdert. HSF ser det og som viktig at kvalifiseringsprogram som rettar seg inn mot førstelektor- eller undervisningsdosentkompetanse vert utvikla i samarbeid med næringslivet og praksisfelta for offentleg tenesteyting.

I tråd med moment som er trekte fram ovanfor, er vi positive til at utvalet på (s. 163) føreslår: *at det uavhengig av forslaget om alternativer i finansieringssystemet må etableres indikatorer og verktøy for rapportering, evaluering og oppfølging på området regional utvikling. Det må arbeides for at samarbeidet med samfunns- og arbeidsliv i større utstrekning og på en mer forpliktende måte enn i dag nedfelles i institusjonenes kvalitetssikringssystemer ved at det utvikles relevante indikatorer og operasjonelle og målbare målsettinger på området.*

På HSF er vi opptekne av at Kunnskapsdepartementet følgjer opp dette så raskt som råd.

2.4: Sterkare vekt på nasjonal styring

Analysen av dagens situasjon og utviklingsperspektiva for høgare utdanning, er ein god dokumentasjon på at vi no er i ein situasjon der m.a både endringar i organiseringa og i finansieringa av sektoren er naudsynt.

På bakgrunn av nemnde analyse og utviklingsperspektiv har utvalet utvikla synspunkt på spørsmål som gjeld nasjonal styring versus institusjonell autonomi (pkt. 5.4.7 s. 57). Vi er samde med utvalet når det hevdar at det er naudsynt å vurdere korleis forholdet mellom nasjonal styring og institusjonell autonomi bør vera for å sikra ein mest mogleg fornuftig samfunnsmessig bruk av ressursane på sektoren. Ut frå dette er vi også samde med utvalet når det viser til at sterkare grad av nasjonal styring er naudsynt.

Den relativt frie marknaden vi i dag har for høgare utdanning, har og positive sider. Men desse sidene må balanserast betre opp mot negative verknader vi ser i dag og som venteleg vil bli sterkare i framtida. Dersom utviklinga og rammevilkåra for sektoren held fram som no, er det truleg at små og marginale høgskular vil tapa i framtida – jfr. m.a endringar i søke- og flyttemønster hos dagens unge studentar.

Vi er og samde med utvalet i at det noverande systemet for m.a akkreditering til universitet, er med på å skapa et framtidsbilete av sektoren med uheldige statusforskjellar mellom universitet og høgskular. Også i forhold til dette momentet er endringar i lov og regelverk naudsynt.

3: Institusjonsstruktur – jfr. kap. 6

Innleiingsvis i kap. 6 presenterer utvalet eit sett kriterium (jfr. s. 59) som vert nytta i vurderinga av modellane for strukturering av sektoren. Vi er samde i at dette er viktige kriterium for vurderinga av modellane. Også i vår vurdering av modellalternativa legg vi desse kriteria til grunn.

Alle modellane som utvalet presenterer, føreset at normalordninga for doktorgradsutdanning i framtida vert organisert i forskarskular. Vi er også samde i dette synet, og kommenterer det nærare i pkt. 6 nedanfor.

Vi legg og til grunn det same synet som utvalet forfektar (jfr. s. 61) der det går fram at *”for alle modeller gjelder det at det ikkje skal være mulig for enkeltinstitusjoner å velge å stå utenfor”*.

Både i tråd med vurderingskriteria og vårt synspunkt om at det er behov for styrking av den nasjonale eller samfunnsmessige styringa av sektoren, legg vi som utvalet vekt på at det er viktig å utvikla m.a eit system som kan sikra ei betre arbeidsdeling mellom institusjonane.

Relasjonane og arbeidsdelinga mellom institusjonane kan utviklast med utgangspunkt både i fagleg styrke og profil og ut frå geografi eller landsdel. Ut frå vår vektlegging av styrka kontakt mellom institusjon og samfunnet generelt og den regionale omverda spesielt, ser vi det og som viktig at den framtidige organiseringa av UH-sektoren også legg vekt på desse momenta. Ut frå eit slikt resonnement ser vi det som viktig at den framtidige modellen også legg til rette for å utvikla relasjonane mellom institusjonar som opererer i eit felles geografisk område.

Modellane som utvalet har lagt fram, representerer ulike gradar av samkøyring og felles styring. Vurdert etter ein slik dimensjon er nettverksmodellen den minst gjennomgripande og fleircampusmodellen den mest radikale. Dei ulike modellane kan vurderast med hovudvekta på det prinsipielle eller teoretiske perspektivet eller dei kan og sjåast i eit meir pragmatisk eller realpolitisk perspektiv. Vi meiner at utvalet i for stor grad har vurdert strukturspørsmåla i eit teoretisk perspektiv. Når HSF-styret er samd i at det er behov også for strukturendringar på UH-sektoren med sikte på m.a meir og fornuftigare arbeidsdeling mellom institusjonane, ser vi at det er naudsynt å leggja både eit prinsipielt og eit pragmatisk og realpolitisk syn til grunn for vårt syn på utviklinga. Ut frå eit slikt grunnlag er det og rimeleg å sjå på den framtidige utviklinga på UH-sektoren i vårt land som ei mogleg stegvis utvikling der røynslene undervegs er med å styrer farten og retninga framover.

I dei følgjande avsnitta kommenterer vi dei ulike modellane i utvalet si framstilling før vi presenterer vårt standpunkt til den framtidige organiseringa. Først kommenterer vi kort storhøgskulemodellen og prosess-/differensieringsmodellen.

Når det gjeld storhøgskulemodellen, er forplikning med sikte på bindande arbeidsdeling mellom studiestader og betre styring av konkurransen mellom institusjonane ein fordel. Tap av lokal autonomi saman med store organisatoriske kostnader er negativt, og det tydelege skiljet vi får mellom høgskular og universitet er svært uheldig.

Prosess- og differensieringsmodellen vil kunna sikra kopling mellom relevante miljø der det er meining i å utvikla samarbeid, og modellen har etter vår vurdering nokre av dei same fordelane og ulempene som storhøgskulemodellen. Modellen kan og sikra institusjonen universitetsstatus. Men vi fryktar at modellen vil bli konfliktfylt og skapa ein usikker plass i framtidig organisasjon. Høgskulen vil og mista lokal autonomi. HSF vil ikkje tilrå at storhøgskulemodellen eller prosess- og differensieringsmodellen ver innført som organiseringsprinsipp på UH-sektoren.

HSF meiner difor at dei mest aktuelle modellane for framtidig organisering er nettverksmodellen og fleircampusmodellen. I valet mellom fleircampusmodellen og nettverksmodellen, er det mange forhold det må takast omsyn til. Som trekt fram ovanfor, meiner vi at det i tillegg til dei prinsipielle momenta som er trekte fram av utvalet, også må takast omsyn til realpolitiske moment ved valet av modell. I forhold til dette må det m.a. leggjast ei viss vekt på intern og ekstern motivasjon for å gå inn i dei ulike modellane.

Utvalet peikar i sin fleircampusmodell for Vestlandet (Universtet i Vest-Noreg) på at det kan vera aktuelt m.a NHH skal fusjonerast inn i fellesinstitusjonen. Med eit visst atterhald om NHH sitt standpunkt i høyringsrunden, er det t.d. ikkje vanskeleg å sjå for seg at det kan oppstå hindringar for å gjennomføra ein slik fusjon. Generelt må ein kunna seia at ikkje minst på UH-sektoren finn ein mange døme på korleis manglande motivasjon og andre organisatoriske hindringar og tradisjonar har hatt langvarige og kostnadskrevjande negative verknader i gjennomføringa av tiltak som i utgangspunktet vart vurdert som fornuftige.

M.o.t fleircampusmodellen ser vi at eit regionuniversitet på Vestlandet som inkluderer HSF vil bli ein svært viktig nasjonal og internasjonal institusjon. Den vil og sikra dei fusjonerte institusjonane universitetsstatus og det vil liggja til rette for forpliktande arbeidsdeling.

Til ein vestlandsk fleircampusmodell er det og knytt ulemper. Vi vil måtta rekna med store omstillingskostnader og tap av lokal autonomi. Institusjonen vil og bli svært stor og mindre oversiktleg, og det er usikkert om den dominerande partnaren – UiB – ønskjer å gå inn i ein slik konstruksjon.

Også nettverksmodellen har fordelar og ulemper. Slik stoda er i dag, er modellen lite konfliktfylt og det er låge omstillingskostnader. HSF vil i tilfelle halda fram som eigen institusjon samstundes som det kan liggja til rette for faglege samordningsgevinstar. I HSF er det stor grad av intern semje om å gå inn for nettverksmodellen, men det er og openheit for at modellen på sikt kan utviklast vidare i retning av eit profesjonsuniversitet t.d med HSF, HiB og HSH som partnarar eller endå vidare i retning av ein felles regional UH-institusjon med dei noverande deltakarane i UH-nett Vest som partnarar. Som framheva tidlegare, meiner HSF-styret at røynsler og realpolitiske vurderingar må vera med å styra denne utviklinga. Innafor eit nettverk som UH-nett Vest, kan det vera vanskeleg å få til ei ønskt arbeidsdeling mellom institusjonane, og samarbeidet kan lett bli dominert av UiB i sterkare grad enn ønskjeleg. Innafor nettverksmodellen som i dag ligg føre, vil framtida til ein mindre høgskule i periferien framleis vera usikker. Vi er difor svært opptekne av at det både mellom dei samarbeidande institusjonane og på statleg nivå vert utvikla mekanismar som kan sikra at

samarbeidet utviklar seg og at sterkare grad av arbeidsdeling vert ein realitet. Frå statleg side er det truleg naudsynt å utvikla verkemiddel som på den eine sida kan stimulera til meir samarbeid og på den andre sida motverkar åleinegang og kortsiktig marknadstenking. Vi kjem attende til spørsmålet om mekanismar for stimulering av samarbeid under vår handsaming av finansieringsmodellen. Vi eksemplifiserer nedanfor også ulike former for arbeidsdeling som vi departementet bør ta med i si vidare vurdering av tiltak for å styrka samarbeidet mellom UH-institusjonar.

Arbeidsdelinga mellom institusjonane må styrast slik at den fungerer som ein reiskap for positiv institusjonsutvikling. Deling av arbeidsoppgåver med utgangspunkt i kompetanse og samfunnsmessige behov kan tenkjast gjennomført på fleire måtar. Men bak arbeidsdelingstanken ligg det og ein tanke om at institusjonane skal utvikla eigne profilar som til saman gjer institusjonane meir slagkraftige og mindre konkurranseutsette i forhold til kvarandre. I arbeidsdelingsprinsippet ligg det og ei forventning om at ein gjennom styrt fordeling av studietilbod og arbeidsoppgåver skal kunna unngå uheldig og ressursøydande konkurranse institusjonane i mellom.

Mange typar arbeidsdeling kan tenkjast. Arbeidsdeling kan t.d innebera felles eller delt ansvar for studietilbod. Som døme kan det tenkjast at to eller fleire av institusjonane i t.d UH-nett Vest går saman om å ha ansvar for kvar sine delar av eit studietilbod. Her kan det og vera naturleg at HSF kan gå inn i den leiande rolla på einskilde område.

Fagleg delt ansvar og arbeidsdeling kan og tenkjast i forhold til desentraliserte tilbod og i forhold til studietilbod som vert lokalisert hos ein av institusjonane. Fordeling av ansvar for studietilbod kan og tenkjast ved at studentane i eit bachelor- eller masterprogram har studieopphald ved fleire institusjonar i løpet av studieprogrammet.

Alt i dag gir regelverket opning for å etablera mastergradar i samarbeid mellom institusjonar, og slike samarbeidsrelasjonar kan gå både mellom universitet og høgskular eller høgskular i mellom.

Etter kvart som samarbeidstiltak utviklar seg, kan ein og sjå føre seg ei viss deling av fagleg ansvar ved at det blir opna opp for og lagt til rette for at fagpersonalet til ei viss grad kan sirkulera mellom institusjonar.

Også på fou-området kan det leggjast til rette for ulike former for arbeidsdeling. I samband med planlegging og oppretting av felles fou-prosjekt, kan det både fagleg og praktisk vera fornuftig å dela på arbeidsoppgåvene. I samband med utviklinga av UH-nett Vest er det også peikt på samarbeid om administrative oppgåver. Ulike former for arbeidsdeling kan styrka dei samarbeidande institusjonane, bidra til kompetanseheving og meir rasjonell bruk av ressurser.

Det er relevante kriterium for vurdering av modellane som utvalet viser til på s. 70, men det er sjølvsagt vanskeleg å utvikla sikre meiningar om modellane så lenge empirien manglar og så lenge vi også veit at verknadene av modellane også vert påverka av det vi ovafor har kalla realpolitiske forhold. Når mange av miljøa på HSF sluttar opp om nettverksmodellen, har dette og samanheng med at Vestlandsperspektivet vert vurdert som viktig i forhold til den framtidige utviklinga på UH-sektoren. Utvalet er sjølv på fleire punkt i innstillinga inne på dei sterke urbaniserings- og sentraliseringstendensane vi har i landet vårt. Det er eit nokså eintydig bilete at hovudstraumane i sentraliseringa går i retning Oslo og det sentrale Austlandet. Som Vestlandsinstitusjon er vi opptekne av å kunna fungera som ein verksam

aktør i arbeidet med å byggja opp Vestlandet som ei naudsynt motvekt mot den einsidige sentraliseringa i retning Austlandet. Ein styrka Vestlandsregion vil og vera ein føremon for landet som heilskap, og dei lokale UH-institusjonane kan spela ein viktig rolle i arbeidet med å realisera eit slikt mål. I dette perspektivet ønskjer HSF å vera ein pådrivar i arbeidet med å byggja eit sterkt nettverk mellom dei offentlege UH-institusjonane i regionen. Då vert det og naudsynt at det vert lagt til rette for statlege tiltak og ordningar som byggjer opp under ei slik målsetting.

Gjennom praksis som vert utvikla, vil vi sjå korleis nettverksmodellen fungerer i forhold til arbeidsdeling, og ein finansieringsmodell med høve til felles avtalt strategi på konkrete punkt kan påverka resultatet.

Utvalet har peikt på at nettverksmodellen i utgangspunktet kan sjåast på som den svakaste modellen på dette punktet. Det kan og vera grunnlag for å hevda at dette synet er for unyansert. Også innanfor t.d ein fleircampusmodell er det mogleg å tenkja seg at resultatet vil bli styrking av dei sterke partnarane og såleis svekka partnarar som i utgangspunktet strir med dei største utfordringane.

Når det gjeld fleircampusmodellen skriv utvalet på s. 63: *”Fleircampus-universitetene vil ha ansvar for omstilling av studiesteder der rekrutteringen skaper små fagmiljøer. Studiesteder under en viss størrelse forutsettes nedlagt eller reorganisert, med mulige unntak basert på høy kvalitet og god kostnadseffektivitet. Videre forutsettes det at det ikke blir gitt noen forhåndsgarantier om bevaring av studiesteder forut for sammenslåingsprosessen.”*

Frå HSF sin ståstad er dette eit døme på ein framgangsmåte som viser at utvalet tek alt for lett på dei samfunnsmessige sidene av UH-sektoren. Når framtidens nettverk eller fleircampusmodellar skal utviklast, må dette skje på ein måte som gjer at dei samfunnsmessige konsekvensane av strukturendringane også vert lagt stor vekt på. Endringane i sektoren må difor basera seg på sterkare samfunnsmessig styring enn det som går fram av sitatet ovafor.

Når det gjeld spørsmålet om styrking av kvaliteten av utdanning og forskning, har vi m.a under kommentarane til kap. 5 ovafor, vist til at utvalet etter vår vurdering og dokumentasjon har for stor tru på at store miljø borgar for god kvalitet.

Som utvalet peikar på, ønskjer også vi å arbeida for at vi utviklar eit system som kan sikra diversitet og mangfald i norsk høgare utdanning. På dette punktet slår truleg finansieringsmodellen minst like sterkt ut som strukturmodellen.

I forhold til kriteriet ”effektiv utnytting av ressursane” viser vi også til våre kommentarar til kap. 5 der vi har dokumentert at HSF både m.o.t kostnadseffektivitet og kandidatproduksjon hevdar seg svært godt i konkurransen med dei store institusjonane.

Eit kriterium i vurderinga av modellane går på spørsmålet om ”institusjonane som regional aktør”. Også på dette området viser vi til at HSF som liten sjølvstendig institusjon kan visa til gode resultat som vi og trur kan førast vidare t.d innafor ein nettverksmodell.

Når det gjeld spørsmålet om ”styring” (jfr. kriterielista på s. 70), går vi nærare inn på det i våre kommentarar til kap. 7. På dette området har HSF alt innført prinsippet om einskapleg leiing på toppnivå med tilsett rektor og ekstern styreleiar.

M.o.t kriteriet ”internasjonalisering” meiner vi at gode tiltak for denne typen verksemd kan gjennomførast innafor fleire av strukturmodellane som er føreslegne.

Samla sett meiner altså HSF at det er to reelle alternativ m.o.t framtidig struktur på UH-sektoren, og at dette er fleircampusmodellen og nettverksmodellen. I valet av modell må institusjonane vurdere både prinsipielle, samfunnsmessige og realpolitiske moment. I tillegg må vi og sjå at finansieringsmodellen på fleire måtar truleg kan ha like store verknader for høgskular som stir i motvind i distrikta som den framtidige organiseringa av institusjonane.

Med desse momenta og utvalet sine analyser i kap. 5 som bakteppe, ønskjer HSF å byggja på nettverksmodellen i utviklinga på UH-sektoren. I nettverksmodellen må det etablerast strukturar for samarbeid og arbeidsdeling - jfr. utvalet s. 65.

Dersom nettverksmodellen skal fungera for ein institusjon som HSF, blir det som nemnt særleg viktig å utvikla mekanismar som gir grunnlag for reell arbeidsdeling. I ein slik situasjon er det altså behov for felles strategisk tenking i nettverket, og vi ser det difor som viktig at dei strategiske mekanismane som utvalet føreslår i samband med ny finansieringsmodell også kan avtalast og setjast i verk av nettverket i fellesskap. I forlenginga av eit slikt synspunkt ligg det og eit behov for i alle høve felles styringsdialog mellom t.d UH-nett Vest og departementet.

I pkt. 6.10 s. 77 oppsummerar utvalet gjennom sine konkrete forslag til ny UH-struktur i fem punkt.

Vi har i tråd med argumentasjonen ovafor motførestillingar til pkt. 1 som lanserer 8 – 10 fleircampusuniversitet med tyngdepunkt i ulike delar av landet.

Når det gjeld pkt. 2 om sonderingar mellom institusjonane, ser vi på dette som fornuftig også i forhold til vidare utvikling av nettverksmodellen.

I forhold til pkt. 3 er vi samde i at UH-institusjonane innan 1. januar 2010 gir ein utfyllande statusrapport til departementet om utviklinga i samarbeidsrelasjonane til andre institusjonar.

I forhold til ein nettverksmodell vil ein slik rapport også kunna visa til t.d korleis UH-nett Vest - nettverket mellom Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord-Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane utviklar seg.

HSF er samd i at det vert oppretta eit rådgjevande organ for profilering, diversitet og konsentrasjon slik det går fram av pkt. 5 (s.77)

4: Styring og leing i universitets- og høgskulesektoren - jfr. kap. 7

HSF har dei siste åra diskutert spørsmål omkring styring og leing av UH-sektoren. Etter ein omfattande prosess konkluderte HSF-styret i 2005 med å vedta prinsippet om einskapleg leing på toppnivå med tilsett rektor og ekstern styreleiar. Vi er såleis samde med utvalet (jfr. s 87) når det går inn for å lovfesta at styret skal leiast av eit av dei eksterne medlemmene. Hovudgrunngevinga er at det er samanheng mellom faglege og administrative sider av ei sak og at det difor er lite tenleg å dela ansvaret mellom ein rektor og ein direktør.

Når det gjeld styresamansettinga, har HSF valt ”normalmodellen” der ingen grupper har fleirtal i styret. Oppnemninga av dei eksterne styremedlemmene bør skje som no.

Vi meiner også at det er både ulogisk og lite tenleg at ein tilsett rektor med ansvar for å førebu sakene til styret også skal vera representant i styret.

5: Kriterium for akkreditering til universitet – jfr. kap. 8

Dette er eit svært viktig punkt i Stjernøutvalet si utgreiing, og den framtidige ordninga for akkreditering til universitet vil ha særleg stor verknad for dei mindre høgskulane som kan stå i fare for å falla utanfor dei kvantitative universitetskriteria. I ein situasjon der vi no har ei felles lov for sektoren vil dette vera både ulogisk og samfunnmessig uheldig.

Vi viser her også til at utvalet på s. 92 (pkt. 8.4) peikar på at dei norske kriteria for akkreditering til universitet representerer ein særnorsk definisjon som er uheldig. Vi er difor samde med utvalet når dei er samstemte i at dagens akkrediteringsordning bør endrast.

Utviklinga dei seinare åra har vist at universiteta og høgskulane har vorte meir like kvarandre. Ikkje minst evalueringa av Kvalitetsreforma peikar på dette, og viser til at universiteta etter reforma har utvikla seg i høgskuleretning når det gjeld både fagtilbod og undervisningsformer m.v.

Kriteria for akkreditering til universitet må difor formast slik at dei ikkje byggjer opp under ein urett førestilling om universiteta som eit A-lag og dei mindre høgskulane som eit B-lag. Universitetsomgrepet må ikkje basera seg på særnorske akkrediteringskriterium, men tilpassast internasjonale tilhøve. Då er det fagmiljøa sin kvalitet som må stå i sentrum framfor eit særnorsk tal på studentar. Ut frå dette meiner HSF at universitetsomgrepet skal nyttast på utdanningsinstitusjonar som fyller krava til høgare utdanning og forskning. Vi er ut frå dette også samde i at dei høgare utdanningsinstitusjonane bør likestillast når det gjeld akkreditering av mastergradar og at NOKUT fastset kriteria for dette. (jfr. s.97). Det gir altså etter vår oppfatning lite mening i å halda oppe eit skilje mellom universitet og høgskular, men vi er usamde i at dette må føra til fusjonsprosessar i UH-sektoren.

Vi er også samde med utvalet i at dersom noverande institusjonsstruktur vert oppretthalden, så er det fornuftig å få gjennomført ei utgreiing i regi av UHR som kjem fram til dei mest dekkande institusjonsnemningane på engelsk.

6: Forskarutdanninga – jfr. kap. 9

På dette punktet – jfr. pk. 9.5 i innstillinga – har utvalet og HSF samanfallande vurderingar.

Vi viser til dei gode røynslene vi har i forhold til å delta i forskarutdanninga i regi av Vestnorsk Nettverk med Universitetet i Bergen som fagleg ansvarleg.

Ikkje minst for høgskular som i stor grad driv yrkesretta utdanning er det viktig å få etablert kompetansehevingsprogram for dei tilsette som også gir høve til å utvikla førstelektor og undervisningsdosentkompetanse.

Vi vil og streka under utvalet sitt framlegg om å løyva tilstrekkelege midlar til å få gjennomført den auka satsinga på forskarutdanninga.

7: Finansieringssystemet – jfr. kap. 10

Vi har peikt på at finansieringssystemet er svært avgjerande for utviklinga til institusjonane på UH-sektoren. I særleg grad gjeld det dei konkurranseutsette institusjonane i distrikts-Noreg.

Vi er såleis samde med uvalet når det seier under pkt. 10.3.1 s. 106: *”For at finansieringssystemet skal fungere godt, må det gi institusjonene gode insentiver til å oppfylle politiske mål, være forutsigbart og ha legitimitet i sektoren.”*

Ut frå desse hovudmomenta er vi samde i at det må innførast endringar i dagens finansieringsmodell. Her støttar vi oss også til utvalet når dei på s. 106 skriv: *”På bakgrunn av utviklinga etter Kvalitetsreformen mener utvalget at balansen mellom statlig styring og institusjonell autonomi bør justeres slik at det blir noe meir rom for statlig styring. Det gjelder også finansieringssystemet”*

Også HSF vil leggja vekt på omsynet til langsiktig styring og strategisk tenking når det gjeld endringar i systemet. På bakgrunn av dette sluttar vi oss til utvalet si vurdering av at fleirårig planlegging bør sterkare inn i styringa, og at dette bør utnyttast til å etablera langsiktige og forpliktande avtalar mellom den einskilde institusjon og departementet eller mellom eit nettverk av institusjonar og departementet – jfr. våre kommentarar til kap. 6 ovanfor der vi har trekt fram korleis arbeidsdeling kan bidra til gjensidig institusjonsutvikling, og der vi har påpeikt behovet for at det vert utvikla statlege og institusjonelle mekanismar som kan stimulera slik arbeidsdeling.

Ein viktig konsekvens av dette må vera at den resultatbaserte komponenten i finansieringssystemet får noko mindre vekt enn tilfellet er i dag. Det noverande finansieringssystemet gjer det lønsamt å auka opptaket av studentar ved at marginalkostnadene pr. studieplass blir lågare når studenttalet aukar. Systemet i dag stimulerer dei største institusjonane til auke og einsidig marknadsstyret opptak og forsterkar med dette straumen mot byane.

Når det gjeld basisløyvinga – jfr. pkt. 10.3.3 i innstillinga, er vi samde med utvalet i at basiskomponenten bør bli meir transparent, og at dette både vil auka legitimiteten i sektoren og kunna gi betre grunnlag for å vurdera endringar.

Det relative innslaget av basisløyvinga kan justerast noko – jfr. spørsmålet om strategiske løyvingar – og vi meiner det også bør vurderast om basisløyvinga kan nyttast til å kompensera små institusjonar som er særleg sårbare for endringar i søkemønstra – jfr. pkt. 10.3.3 s. 110 i innstillinga.

HSF er som nemnt, også samde med utvalet sine vurderingar omkring trongen for at innslaget av reelt strategiske løyvingar under politisk styring i finansieringsmodellen bør auka – jfr. pkt. 10.3.4 s. 110 – og at det i tillegg til dei strategiske forskingsløyvingane bør innførast ei strategisk undervisningsløyving. Vi sluttar oss såleis fullt ut til dei momenta som utvalet nemner opp som moglege grunngeving for den strategiske undervisningsløyvinga – jfr. pkt. 10.3.4.2 s. 111.

HSF har elles merka seg at utvalet har registrert at regjeringa vurderer å innføra kandidatar som ein indikator i finansieringssystemet. Frå HSF si side er vi samde i at dette bør gjerast raskt og at gjennomstrøyminga i studieprogramma må få auka vekt.

På s. 112 finn vi ein diskusjon omkring moglege insentiv for regional samarbeid. Vi har i samband med kommentarane til kap. 5 peikt på at det er viktig med insentiv på dette området for å kunna oppfylle dei politiske måla for UH-institusjonane si verksemd. Vi ber om at spørsmålet om indikatorar og insentivordningar som går på regionalt samarbeid, vert vurderte i samband med utarbeidinga av ein ny finansieringsmodell.

I eit slikt revisjonsarbeid ser vi det og som viktig å vurdere innføring av indikatorar som er betre tilpassa profesjonsutdanningane i den resultatbaserte delen av finansieringssystemet. - jfr. s. 112 i NOU-en.

HSF sluttar seg altså i store trekk til utvalet sine framlegg til ny finansieringsmodell i pkt. 10.4 – s. 113. Vi vil her særleg peika på punktet som går på å innføra eit system med avtalar mellom institusjonane og Kunnskapsdepartementet for å styrka langtidplanlegginga i institusjonane.

Vi ser det også som viktig at utvalet har opna for at slike avtalar kan setjast opp mellom institusjonar i nettverk og departementet.

8: Små studiestader – jfr. kap 11

Innleiingsvis på dette punktet vil vi visa til at det er høgskulestyret som i dag avgjer spørsmål om nedlegging og oppretting av studier og studiestader. I samband med dette vil vi streka under at HSF-styret ikkje på noko tidspunkt har hatt planar om å leggja ned Førde som studiestad. Argumentasjonen vår i avsnitta nedanfor vil og visa at nedlegging av studiestaden Førde som Stjernøutvalet har nemnt som døme på ein for liten studiestad, er eit svært ufornuftig og tvilsamt syn som må seiast å byggja på vankunne og manglande samfunnsperspektiv hos utvalet.

Vi har i vårt avsnitt 1 – kommentarar til kap. 5, vist til og lagt fram dokumentasjon som vi meiner underbyggjer vår påstand om at utvalet har lagt til grunn ei unyansert og lite dokumentert tru på store miljø og institusjonar.

I NOU-en kap. 11 vert studiestaden Førde nemnt som døme på ein studiestad som bør vurderast nedlagt. Dette er ein eksempelbruk som stadfestar den unyanserte trua utvalet har på store miljø og den svake merksemda dei har hatt på den samfunnspolitiske og regionalpolitiske dimensjonen i arbeidet og med det verknader for auka sentralisering i samfunnet.

Vi går nedanfor kort gjennom faktiske tilhøve og moment som klårt og avgjerande byggjer opp under Førde som ein livskraftig og for Sogn og Fjordane heilt naudsynt studiestad.

Når det gjeld sjukepleieutdanninga i Førde, er det viktig å minna om at bachelorutdanninga ved HSF si avdeling for helsefag er nr. 10 målt i nasjonal storleik av 26 statlege sjukepleieutdanningar og nr. 4 av 8 sjukepleieutdanningar på Vestlandet.

Samfunnsmessige, regionalpolitiske og sentrale politiske føringar viser det heilt urimelege i å trekka fram nedlegging av sjukepleieutdanninga m.v i Førde som døme på kva som bør vurderast nedlagt på UH-sektoren. I fleire avsnitt nedanfor peikar vi på ulike omsyn og føringar som kvar for seg er sterke argument mot ei rasering av sjukepleiarudanninga i Førde.

Ved sida av ei godt over gjennomsnittleg stor grunnutdanning for sjukepleiarar driv HSF si helsefagutdanning i Førde ei betydeleg vidareutdannings- og etterutdanningsverksemd som ikkje minst er avgjerande viktig for helsestellet i Sogn og Fjordane. Innafor ramma av denne høyringsuttalen går vi ikkje i detalj gjennom alle moment som gjeld sjukepleieutdanninga sine verknader på helsestellet. Det gjeld og argumenta for ingeniørutdanninga i Førde. I argumentasjonen for studiestaden Førde vil vi trekka fram følgande moment:

1: HSF si avdeling for helsefag i Førde har ansvaret for m.a 14 vidareutdanningar med om lag 350 studentar som på avgjerande vis bidreg med naudsynt kompetanse for det regionale helsetellet. I tillegg til vidareutdanningane kjem grunnopplæring i rusomsorg, og på oppdrag frå Sosial- og helsedepartementet er ei tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid for barn under planlegging.

2: Dersom sjukepleieutdanninga i Førde vert nedlagt, får dette dramatiske samfunnsmessige konsekvensar i regionen. Sogn og Fjordane fylke vert då og i tilfelle det einaste fylket i landet utan sjukepleieutdanning. I ein situasjon der kommunane i fylket har til dels store problem med å få dekt opp sjukepleiarstillingane med kvalifisert personale, vil ei nedlegging av sjukepleieutdanninga i Førde bli øydeleggjande. Ei rasering av sjukepleieutdanninga i Førde vil vera eit alvorleg slag mot regionen og vil setja velferdstilboda i regionen under sterkt press.

3: Sjukepleieutdanninga til HSF er den dominerande leverandøren av sjukepleiarar til helsestellet i fylket. Studentane til utdanningane er også i stor grad rekruttert frå fylket. Dette gjeld om lag 50% til bachelorstudiet og nesten alle til vidareutdanningane.

4: Opp gjennom åra har HSF si avdeling for helsefag utvikla mange og tette samarbeidsrelasjonar med regionen og Helse Førde. I samarbeid med Helse Førde har HSF og vdelinga også etablert ei felles avdeling for fou med felles forskingsleiar.

Sett i samanheng med Sentralsjukehuset som både er næraste nabo og samarbeidspartnar til vår sjukepleieutdanning, framstår Førde som eit stort og slagkraftig helsefagleg miljø. I tillegg til dei over femti tilsette i sjukepleieutdanninga kjem dei mange hundre høgre utdanna helsepersonalet som har sitt virke i Sentralsjukehuset i Helse Førde. Førde har altså eit stort helsefagleg miljø der det er godt samarbeid over institusjonsgrensene. I dette ligg og eit stort potensiale for vidare fagleg utvikling.

5: Det er og grunn til å streka under at sjukepleieutdanninga i Førde har svært god kvalitet. Dette er stadfesta i fleire kandidatundersøkingar, og ein ytterlegare dokumentasjon på kvaliteten kjem fram ved å sjå på karakterane ved studiet. Resultata i desember 2007 er dei beste nokon gang med gjennomsnittskarakter B og ingen stryk. Vi strekar under at utdanninga her nytta eksterne sensorar frå andre høgskular. Det kan og nemnast at i ved Stud.Magundersøkinga i 2007 var sjukepleieutdanninga i Førde peika ut som den beste i landet. Vi vil her og ta med at sjukepleiautdanninga i Førde no er innstilt til akkreditering av NOKUT sin sakkunnige komite som har vurdert fagmiljøet tilknytta bachelorutdanninga.

6: Sjukepleieutdanninga i Førde er lokalisert tett inn til Sentralsjukehuset i Førde, og dei to institusjonane har godt samarbeid og er avhengige av kvarandre. Saman med ingeniørutdanninga er sjukepleieutdanninga sidan 2006 etablert i eit tidsmessig nybygg til nær 100 mil. kr.

7: I forhold til spørsmålet om nedlegging av studiestaden Førde viser vi også til sentrale politiske føringer slik dei m.a kjem fram i St.mld 25 "Mestring, muligheter og mening" (2005-06) og viser til regjeringa sine ambisiøse mål når det gjeld rekruttering til pleie og omsorgsyрка: 10.000. nye årsverk i den kommunale pleie- og omsorgstenesta på landsbasis innan 2009 og av desse skal 50 % ha utdanning på høgskulenivå. Desse måla blir svært vanskelege å følgja opp utan sjukepleieutdanninga i Førde

8: Utvalet har nytta 2005 som mål på studenttal m.v i Førde. For HSF si sjukepleieutdanning vert dette feil. Organiseringa av studietilbodet med opptak både i januar, august og deltidskull anna kvart år gjer at opptakstala må sjåast i eit to-årsperspektiv. Då vil ein og sjå at aktivitetskravet til departementet vert nådd.

9: På studiestaden Førde driv HSF også ingeniørutdanning. Utdanninga og fagmiljøet er lite, men har stor truverde og relevans i det regionale næringslivet som m.a har organisert eit omfattande bedriftsnettverk for å systematisera samarbeidet mellom den lokale ingeniørutdanninga og bedriftene.

Ingeniørutdanninga i Førde har svært godt omdøme mellom studentane. Dette vert stadfesta i den landsomfattande spørjeundersøkinga mellom ingeniørstudentar som NITO (Noregs Ingeniør- og Teknologorganisasjon), Tekna (Teknisk-naturvitskapeleg foreining) og Teknisk Ukeblad (TU) nyleg har gjennomført. Her kjem ingeniørutdanninga ved HSF på andre plass av alle høgskulane som var med i undersøkinga.

Innafor UH-nett Vest og ut mot andre regionale institusjonar er Tekno Vest-samarbeidet etablert, og i forlenginga er det arbeid i gang for å oppretta samarbeid om teknologisk utdanning i regionen som også omfattar ingeniørutdanninga i Førde. HSF har og ein særskilt samarbeidsavtale med ingeniørutdanninga på Høgskolen i Bergen som vi arbeider med å kunna utvida for å etablere felles utdanningar.

9: Dimensjonering, arbeidsdeling og ansvar for små og utsette fag – jfr. kap.12

Vi viser til dei momenta utvalet har trekt fram når det gjeld framtidige behov i arbeidsmarknaden – jfr. pkt. 12.1.5 s. 125. Dette er moment som i seg sjølv er ei understreking av kor viktig det vert å halda oppe profesjonsutdanningane inn mot velferdssektorane i samfunnet.

Vi viser også til at utvalet – s.128 – sjølv peikar på at styrka kontakt mellom dei høgare utdanningsinstitusjonane og det regionale arbeids- og næringslivet kan bidra til å tilpassa studietilboda betre til behova i samfunnet. I så måte er ikkje minst profesjonsutdanningane ved HSF og samarbeidet som er utvikla med omverda, svært relevante både i forhold til regionale og nasjonale behov.

10: Universitet på internasjonalt nivå – jfr. kap 13

Pkt. 13.4 – s. 133 omhandlar m.a spørsmålet om etablering av såkalla eliteuniversitet i Noreg. Vi kan ikkje sjå at slik konsentrasjon av m.a forskingsressursar i ein institusjon er tenleg for vårt land. HSF sluttar seg såleis til utvalet sine vurderingar på dette punktet. Ordninga med sentre for framifrå forskning (SFF) bør halda fram som no.

11: Styrking av profesjonsutdanningane i høgskulane – jfr. kap 14

HSF ser det som svært positivt at utvalet har arbeidd med å få fram ei styrking av profesjonsutdanningane i landet vårt.

Utvalet viser til relevante moment når dei ulike profesjonsutdanningane vert omtalt, og sjølv om HSF har relativt god gjennomstrøyming i profesjonsstudia, ser vi og positivt på at det vert gjennomført analyser og sett i verk tiltak for å auka både læringstrykket og gjennomstrøyminga i fleire profesjonsutdanningar. Slike analyser og tiltak må også omfatta sosialarbeidarutdanningane.

Vi vil og støtta utvalet i vurderingane som går inn for meir profesjonsretta forskning i utdanningane. Vi ser dette som eit svært viktig punkt for å utvikla både utdanningane og yrkesfeltet vidare. Det er utan tvil behov for meir forskingsbasert kunnskap om kva som vil styrka profesjonsutdanningane. Forholdet mellom utdanning og praksisfelt, kva storleik tyder for kvalitet, arbeidsvaneane til studentar, og kva for kunnskapsformer som er dei mest adekvate å vidareutvikla, er døme på spørsmål ein bør stilla. I samband med dette ser vi det og som svært viktig at profesjonane vert trekte inn når det gjeld å definera opplæringsplanane i profesjonsutdanningane.

Når det gjeld den vidare utviklinga av profesjonsutdanningane, ser vi det og som svært viktig at eit kunnskapssyn som viser til at kunnskap vert bygt og utvikla i samspelet mellom fagbasert teori og praktisk yrkesutøving vert sett i høgsetet. Slik sett vert det difor også viktig å utvikla profesjonsutdanningane i tråd med eit slikt kunnskapssyn for å unngå at utdanningane vert overakademiserte og fjerne frå yrka dei utdannar for.

Utvalet har og reist spørsmålet om yrkesfeltet bør få eit klarare definert ansvar for profesjonskvalifiseringa koordinert med kvalifiseringa som skjer på høgskulane – jfr. pkt. 14.5.1 s. 145. Ei klarare arbeids- og ansvarsdeling mellom utdanningsinstitusjonane og yrkesfeltet vil gjera det tydelegare at yrkesfeltet ikkje berre er mottakarar og brukarar av profesjonell kompetanse, men at dei og har eit sjølvstendig ansvar for kvalifiseringa. Dette er tankar og prinsipp som HSF støttar, og er ei understreking av at utdanningane og profesjonsforskninga også må ha fokus på kvalitet i praksisopplæringa.

I pkt. 14.5.4 drøftar utvalet bruken av rammeplanar i profesjonsutdanningane. Vi er samde med utvalet i at dersom rammeplanar også skal gjelda i framtida, så må dei liggja på eit overordna nivå når det gjeld detaljering og innhald.

Detaljerte rammeplanar kan fungera som bolverk mot samarbeid på tvers av fagmiljø. Dette er i både fagleg uheldig og ressursøydande.

Rammeplanar på overordna nivå kan bidra til å sikra kvaliteten og samstundes opna for ønskjelege ulikskapar og profilering av profesjonsutdanningar.

Utvalet viser i pkt. 14.6 til at det er behov for å styrka den formelle kompetansen til personalet i dei korte profesjonsutdanningane, og føreslår at Kunnskapsdepartementet tek initiativ til eit program for kompetanseheving med eit omfang på 50-100 millionar kr. i fem år. Vi gir sterk støtte til dette forslaget.

12: Senter for framifrå undervisning – jfr. kap. 15

Som ein lekk i å styrka og yrkesretta undervisinga i profesjonsutdanningane, gir vi også vår støtte til utvalet sitt forslag om oppretting av senter for framifrå undervisning.

13: Universiteta og høgskulane si regionale rolle – jfr. kap. 16

Problemstillingar og kommentarar som gjeld dette kapitlet, er innarbeidde i i fleire av våre kommentarpunkt. Dette gjeld særleg vårt pkt. 2 – kommentarane til kap.5 og kommentarane i vårt punkt 8 – Små studiestader.

14: Kapitla 17 - 22

HSF sluttar seg i store trekk til utvalet sine vurderingar og forslag i kapitla 17 – 22.

I kapittel 20 drøftar utvalet fleire spørsmål som gjeld likestilling. Eit av momenta som er framme i diskusjonen, er norske ungdomar sine studieval. Som utvalet gjer, må vi også konstatere at menn og kvinner sine yrkesval ikkje har endra seg mykje dei siste åra.

HSF har på si side i fleire år arbeidd med å å fleire menn inn i den sterkt kjønnsdelte førskulelærerutdanninga, og har gjennom medvete kontaktarbeid og oppfølging av mannlege studentar lukkast i å få opp den relative andelen av menn i denne utdanninga.

Vi ser det som viktig at departementet og UH-sektoren arbeider vidare med likestillingstiltak, og at dette vert tiltak som både siktar mot interne tilhøve i institusjonane og mot rekruttering av studentar.

.....

HSF 29.04.08 – Johs. Thaule – sekretær for arbeidet med Stjernø høyringa